

Økonomiplan for 2022 — 2025

Øystre Slidre kommune



Vedteke i kommunestyret 16.12.2021 sak KS-87/21 og 17.2.2022 sak KS-09/22

https://pub.framsikt.net/2022/oystre-slidre/bm-2022-økonomiplan_2022-2025/

Innhald

Forord	3
10 på topp/hovudprioriteringar og samandrag	3
Plangrunnlaget	5
Hovudmål for kommunen	5
Rammebetingelsar og forutsetningar	5
Utvikling i befolkning.....	8
Demografi.....	8
Økonomisk utvikling i planperioden	9
Resultatutvikling i økonomiplanperioden	9
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	9
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	10
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	12
Kommunen sine tenestoområde.....	13
Rådmannen - fellesområde	13
Opplæring og kultur	16
Helse og omsorg.....	21
Tekniske tenester	28
Investeringar i økonomiplanen	34
Kommentar til investeringar i økonomiplanen	34
VA-investeringar.....	34
Investeringsplan oversikt per prosjekt.....	42
Budsjettvedtak	45
§5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)	45
§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)	46
§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)	47
§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B).....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3).....	50
Vedlegg.....	51
Vedlegg 1 - Næringsmessig bruk av eigedomsskatteinntektene	51
Vedlegg 2 - Avgifter og betalingsattsar	54
Vedlegg 3 - Sjølvkostbudsjett for vatn og avløp.....	54

Forord

Kommunestyret legg vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen. Følgjande handlingsreglar vil bidra til det:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vera på minst 1,75%.
- Disposisjonsfonda skal utgjera minst 12,5% av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda) skal utgjera maksimalt 50% av brutto driftsinntekter.

Det er ei tilråding frå departementet at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene skal vere på minst 1,75 %.

Ein kommune må vera i stand til å møte uføresette økonomiske utfordringar og ha midlar på fond for å møte slike situasjonar. Det er difor eit mål for kommunen at sum for disposisjonsfonda skal utgjere minst 12,5 % av brutto driftsinntekter.

Lånegjelda til kommunen har auka monaleg som følgje av utbygging av helsetunet. For at lånegjelda ikkje skal auke ytterlegare, må kommunen redusere andre investeringar utanom sjølvkostområda eller der vi kan finansiere heile eller delar av investeringane eksternt. For å redusere renterisikoen og bygrense kapitalkostnadsbelastinga framover, bør gjeld som påverkar "generaløkonomien" (utanom sjølvkostområda og formidlingslån) ikkje overstige 50% av brutto driftsinntekter.

10 på topp/hovudprioriteringar og samandrag

10 på topp hovudprioriteringar

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden er følgjande:

- Vi skal styrke helse- og omsorgstenestene ved å vera ein attraktiv arbeidsplass, med eit godt arbeidsmiljø, auka arbeidsnærvær og store nok stillingsprosentar og vi skal utnytte moglegheitene nytt helsetun gir.
- Vi skal vedta ny oppvekstplan, og gjennom planarbeidet styrka det tverrfaglege arbeidet retta mot sårbare barn og deira familiar.
- Vi skal busetja inntil 20 flyktningar i 2022 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med intro-programmet.
- Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen med bakgrunn i arealstrategien i kommuneplanen med sikte på vedtak av planen våren 2023.
- Vi skal bygge ut veg, vatn og avløpsanlegg for Heranglie bustadfelt og avklare modellar for samarbeid med næringslivet om utbygging av leilegheitsområda på feltet slik at fleire kan kome inn på bustadmarknaden
- Vi skal i lag med nasjonale styresmakter og andre samarbeidspartar etablere senter for fjellandbruk på Løken gard.
- Vi skal gjennom prosjektet Klima+ legge til rette utbygging av fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad og effektiv arealbruk.
- Vi skal invitere til Rein naturglede og innan 2035 doble tal gjestedøgn i kommunen gjennom å:
 - vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå

Økonomiplan for 2022-2025

- sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper m.v. gjennom å etablere og følge opp selskapet Beitostølen Fellesgoder as.
- Vi skal innan sommaren 2024 i samarbeid med andre etablere Fly'a folkehøgskole – ein folkehøgskule for alle - på Heggenes, med idrett, paraidrett og Esport som hovudlinjer.
- Vi skal i lag med idrettslaget og reiselivsnæringa utvikle Beitostølen stadion med sikte på å auke bruken av området gjennom heile året.

Utviklingsområda vil bli prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane.

Investeringsramma i planperioden er på om lag 386 mill. kroner, inkl. 75 mill. kroner overført frå 2021. Det er m.a. sett av til saman 325 mill. kroner til tiltak på vatn og avløp. Av dette er det budsjettert med at 66 mill. skal gjennomførast i 2022. I tillegg er det avsett 30 mill. kr til kjøp av område for bustadbygging m.a. Solhauglie, og oppgradering av vegar og annan infrastruktur. Planlagd låneopptak samla for investeringane i planperioden er om lag 363 mill. kroner.

Nye tiltak og innsparingstiltak

I driftsbudsjettet er det lagd inn følgjande styrkingar i planperioden (om lag 1,3 mill. per år):

- Kontrollutvalet - auka budsjettramme jf. vedtak i KU-ØS-38/21, 301`
- Kyrkjeleg fellesråd - auka budsjettramme ut over deflater, 87`
- Byte ut trygghetsalarmar, 65` årleg
- Elektronisk medisineringsstøtte for heimebuande, 60` årleg
- Digitalt tilsyn omsorgsbustader, 40` årleg
- Ekstra dagvakt Smørkøll 7 dg/veke, 793`

Desse kjem i tillegg til alle konsekvensjusteringar som er gjort.

For å balansere budsjettet har det vore naudsynt å redusere kostnader med i om lag 6 mill. kvart år i økonomiplanperioden. Dette er gjort ved:

- Redusere unytta ramme kurs og skyss politikarar, 40`
- Redusere andre tenester under rådmann (unytta ramme), 150`
- Redusere buffer i lønnsbudsjettet (samla), 1.000` i 2022, 1.500 i 2023-
- Kutt i driftsutgifter grunnskule, 174`
- Kutt innan drift barnehage, 25`
- Stenge barnehagen to veker på summaren, 80`
- Innsparing kulturavdelinga, 250`
- Bibliotek - redusere innkjøp bøker, 25`
- Reduksjon 1 årsverk i tilrettelagde tenester, 552`
- Innkjøp av digitalt fag- og journalsystem OMHU, med årlege lisenskostnader på 124` og oppstartsavgift kr 20` er lagt inn som nytt tiltak. Det vil medføre effektivisering, og lønnsbudsjett er redusert årleg frå 2023 med 364`. Medfører også reduksjon i kostnader til pc-ar og telefonar, 21` årleg.
- Redusere vedlikehald kommunale bygg, 1.000`
- Redusere straumforbruk ved enøk-tiltak, 300` frå 2023

- Redusere frekvens på reinhald, 125` 2022, 250` frå 2023
- Redusere bruk av eigedomsskatt /asfaltering kommunale vegar, 2.000`i 2022 og 2023, 1.000 i 2024 og 2025.

Tiltaka er nærare omtala under det enkelte tenesteområde.

Budsjetter er etter dette saldert i 0 ved bruk (-)/avsetjing mot disposisjonsfond med hhv. -1.798`, 264`, 1.389`og 834`. Etter planen aukar disposisjonsfonda samla med vel 7 mill.kr i planperioden, der flyktningefondet utgjer største auken (4.264`).

Det er lagt til grunn ei vidare satsing på nærings- og utviklingstiltak, ved bruk av eigedomsskatt på i snitt 10,5 mill. årleg i planperioden.

Plangrunnlaget

Hovudmål for kommunen

- Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.
- Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.

Rammebetingelsar og forutsetningar

Vesentlege delar av driftsbudsjettet er basert på eksterne prognosar og vurderingar:

Inntekter:

1. Skatt på inntekt og formue for 2022 er basert på prognosar frå statsbudsjett for 2022 med forlik mellom ny regjering og SV. Skatteinntektene vil vera avhengig av skatteinntektene i eigen kommune og skatteinntektene nasjonalt. Skatteinntektene i eigen kommune vil bli påverka av endring i folketal og aktiviteten i næringslivet.
2. Rammetilskotet er auka i samsvar med føresetnadene i statsbudsjettet for 2022 med forlik mellom ny regjering og SV. Storleiken på rammetilskotet vert påverka av endringar i folketallet og demografien (utgiftsutjamninga), og frå 2022 telet på skuler. Vi har lagt til grunn eit folketal på 3.249. SSB og KS sin prognose for folketallet per 1.1.2022 er 3240, som er 4 opp frå 1.1.2021, men

2 ned frå 1.7.2022. Det er sannsynleg med auke i folketal, når ein ser historikk dei siste åra, og tek omsyn til at kommunen skal ta i mot flyktningar.

3. Inntekter frå skatt og rammetilskot og andre driftsinntekter er generelt ikkje auka i økonomiplanperioden. Det er heller ikkje utgiftsnivået.
4. Eigedomsskatt. Inntektene frå eigedomsskatt er avhengig av takstnivået og skattenivået. Skattesatsen for bustad og fritidsbustad er som i 2021 budsjettert med 3 promille. Skattetaksten på energianlegg og næring blir vidareført med 7 promille. Det er lagt inn ein forsiktig auke i økonomiplanperioden (auke i fritidsbustader i all hovudsak), med bakgrunn i konkrete prognoser per nov-21.
5. Kraftinntekter er budsjettert ut frå budsjettert minstepris og prognosar frå kommunen sin kraftforvaltar. Budsjettert minstepris er sett til 28,84 øre/ kwh og gjev bruttoinntekter på ca. kr 15.700` inkl. 200` frå Vestre Slidre kommune (for Skjel). Kostnader knytt til kraft kjøp, produksjon og omsetning er budsjettert ut frå normalt driftsår med totalt kr 9.000` inkl. skattekostnad. Dette gjev eit netto driftsresultat for kraftomsetning på ca. kr 6.800`.

Lønn:

1. Som budsjettføresetnad er lagt inn lønnsvekst frå 2021-22 på 3,1% (SSB sitt anslag for lønnsvekst). 2,9% av dette (KS sin prognose) er fordelt på tenestemråda og 0,2% er avsett sentralt.
2. Lønnsbudsjetten er framskriva ut frå vedtekte stillingsheimlar inkl. endringar i 2021.
3. Pensjon er budsjettert med utgangspunkt i prognosar frå KLP og SPK.

Andre driftsutgifter mv.:

1. Dei fleste inntekter og utgifter er auka med den kommunale deflatoren for 2022, som vart fastsett til 2,5% for prisvekst på varer og tenester.
2. Av prisveksten på 2,5% er 2% fordelt ut på tenestemråda, medan 0,5% er budsjettert sentralt under rådmannen. Der det er kjent anna prisstiging er den konkrete kostnaden lagt inn.
3. Utleige av bustader er flytta frå tekniske tenester til helse og omsorg (tildelings- og bustadkontoret) med verknad i budsjetten frå og med 2022.
4. Straum kommunale bygg er budsjettert i si heilheit under tekniske tenester frå og med 2022 til estimert marknadspris. Nærare bestemt budsjettpriis frå kraftforvaltar si prognose for forbruk og pris 28,84 øre/kwh + nettleige på nivå med 2021 + 2,5% prisstiging. Totalt ca. kr 4.500`.
5. Statsbudsjetten for 2022 med endringsforslag frå ny regjering er lagt til grunn for budsjettering av oppgåveendringar. Dette gjeld m.a. eit meir heilskapleg ansvar for barnevern. I samband med at barnevernsreforma blir innført frå 1.januar 2022, er det foreslått at den øymerka løyvinga til stillingar i det kommunale barnevernet blir avvikla og innlemma i rammetilskotet. Reforma inneber eit meir heilskapleg ansvar for kommunane og med det og auka utgifter for kommunane, der størrelsen er usikker.
6. Kommunen sin økonomiske situasjon kan vera usikker grunna covid-19-situasjonen også i 2022. Det ligg ingen forslag om løyvingar for meirutgifter eller inntektsbortfall knytt til pandemien for 2022, og kommunen har ikkje budsjettert med meirutgifter eller inntektsbortfall knytt til covid-19.

Finans:

1. Renteutgifter og avskrivning er rekna ut med bakgrunn i investeringsbudsjetten i økonomiplanperioden. Det er no lagt til grunn rentesats på hhv. 1,81%, 2,35%, 2,60% og 2,65% i planperioden. Grunnlaget er Kommunalbanken sine sist publiserte budsjettrenter frå Norges Bank per medio november 2021 (pengepolitisk rapport nr. 3/21).

2. Renteinntekter er budsjettert i forhold forventa likviditet innestående i bank, renter på obligasjon samt renter på ansvarleg lånekapital.
3. Avdrag på lån er ut frå avdragsplan for låneporteføljen til kommunen. Denne er litt nedjustert, i samband med refinansiering i 2021 og gjennom auka avdragstid til 40 år på nye lån.


Bruk og avsetjing til fond:

1. Sjølvkostområda er budsjettert i 0 med saldering mot bundne sjølvkostfond. Det omfattar områda vatn, avløp, renovasjon, feiing, byggjesak og private planer, spreidd avløp, oppmåling, med føresetnad at desse områda skal ha full kostnadsdekking av gebyr.
2. Av inntektene frå eigedomsskatt er det gjort avsetjing til eigedomsskattefond (fritt) med 10.000` i 2022 og 2023, 11.000` i 2024 og 2025 (sum i økonomiplanperioden er 42.000`). Fondet er for bruk til nærings- og utviklingsformål. Aktuelle utviklingstiltak er finansiert med bruk av fondet. Desse summerer seg til 15.222`, 8.362`, 9.362` og 9.162` (sum i økonomiplanperioden er 42.108`), og er spesifisert i vedlegg.
3. Flyktningeøkonomi er føresettt å gå i 0. Unyttta middel (integreringstilskott) i budsjettet er avsett til disposisjons-fond (1.066`), til dekning av utgifter etter at integreringstilskottet fell bort.
4. Øyremerka tilskot og ekstra kostnadar og avsetjingar er i liten grad innarbeida i økonomiplanen. Det er kun gjort i den grad kommunen har fått tilsagn på midla, på særskilte område der tilsagnet har betydning for kommuneøkonomien.
5. Drifta er saldert mot disposisjons-fond slik: Bruk av fond i 2022 kr 1.798`, avsetjing til fond i 2023-2025 med hhv. 264`, 1.389` og 834`.

Utvikling i befolkning

Demografi

Prognose vekst



	2021	2026	2031	2036	2041	2046
0 - åringer	100,0 %	79,4 %	76,5 %	76,5 %	73,5 %	73,5 %
Barnehage (1-5 år)	100,0 %	99,3 %	95,8 %	95,1 %	95,8 %	92,3 %
Grunnskole (6-15 år)	100,0 %	92,2 %	86,1 %	82,3 %	81,7 %	82,0 %
Videregående (16-19 år)	100,0 %	87,8 %	83,8 %	77,7 %	73,0 %	72,3 %
Voksne (20-66 år)	100,0 %	97,6 %	95,4 %	90,5 %	86,8 %	84,6 %
Eldre (67-79 år)	100,0 %	104,4 %	101,4 %	113,7 %	120,6 %	117,8 %
Eldre (80-89 år)	100,0 %	144,4 %	198,5 %	213,3 %	212,6 %	238,5 %
Eldre (90 år og eldre)	100,0 %	100,0 %	164,0 %	252,0 %	364,0 %	392,0 %
Total	100,0 %	99,5 %	99,4 %	99,1 %	98,6 %	98,0 %

Årstal	2021	2026	2031	2036	2041	2046
0 - åringer	34	27	26	26	25	25
Barnehage (1-5 år)	143	142	137	136	137	132
Grunnskole (6-15 år)	345	318	297	284	282	283
Videregående (16-19 år)	148	130	124	115	108	107
Voksne (20-66 år)	1901	1856	1813	1720	1651	1609
Eldre (67-79 år)	505	527	512	574	609	595
Eldre (80-89 år)	135	195	268	288	287	322
Eldre (90 år og eldre)	25	25	41	63	91	98
Totale innbyggertal	3236	3220	3218	3206	3190	3171

Langtids-befolkningsprognosen frå SSB for Øystre Slidre kommune viser nedgang i barn og unge, og auke i talet på eldre. Dette er ein trend som vil påverke kvar utgiftsbehovet aukar og minskar i kommunen framover, og som bør påverke dei langsiktige strategiane og satsingane til kommunen.

Kommunen arbeider for å redusere den nedgangen som denne prognosen frå SSB viser.


Økonomisk utvikling i planperioden

Resultatutvikling i økonomiplanperioden

Beløp i 1000

	Budsjett 2021	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
Sum inntekter	-347 251	-366 880	-369 852	-376 425	-381 139
Sum utgifter	354 115	365 340	366 713	368 356	371 146
Brutto resultat	6 864	-1 540	-3 139	-8 069	-9 993
Netto finansutgifter og inntekter	20 402	22 511	26 532	30 392	34 971
Motpost avskrivninger	-22 400	-22 800	-25 200	-27 300	-29 300
Netto resultat	4 866	-1 829	-1 807	-4 977	-4 322
Avsetjingar og bruk og overføringar til investering	-4 865	1 829	1 807	4 977	4 322
Årsresultat	0	0	0	0	0
Netto resultat i prosent av sum inntekter	-1,4 %	0,5 %	0,5 %	1,3 %	1,1 %

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	Budsjett 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025
Øystre Slidre	1,8 %	6,6 %	3,2 %	1,7 %	-1,4 %	0,5 %	0,5 %	1,3 %	1,1 %

I 2021 har det vore budsjettert med eit negativt netto driftsresultat, dette er etter siste budsjettendringar i 2021 kome over på den positive sida med kr 281`.

Vi ser ein positiv utvikling frå 2021. Kommunens har mål om netto driftsresultat på 1,75% av brutto driftsinntekter. Dette målet er ikkje nådd i denne økonomiplanperioden, resultatet må betrast med i snitt 3,4 mill.kr i planperioden for å koma opp på målet.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	Budsjett 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025
Øystre Slidre	22,5 %	20,9 %	18,0 %	15,0 %	9,6 %	8,1 %	8,8 %	10,0 %	10,8 %

Utvikling i disposisjonsfonda i planperioden:

Grafen over er henta frå Kostra /SSB sin tabell for “kommunekonsern”, og inkluderer del frie fond i dei selskap kommunen er deleigar i (ca. 2,1 mill.).

Kommunen har mål om at eigne disposisjonsfond skal vera minst 12,5% av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfonda har vore godt over dette nivået tidlegare. Det er i 2020 og 2021 tæra på disposisjonsfonda, og disposisjonsfond i økonomiplanperioden er vesentleg svakare enn handlingsregel for kommunen. Disposisjonsfonda består av eigedomsskattefond (til nærings- og utviklingstiltak), flyktningefond (frå 2022) og ordinært disposisjonsfond.

Det er ein positiv auke i planperioden, på vel 7,4 mill.kr, frå ca. 31,2 mill./8,8% av brutto driftsinntekter, til 38,2 mill./10,0%, der flyktningefondet utgjør størstedelen (4,2 mill).

Skal vi nå målet om 12,5% av brutto driftsinntekter i 2025, må avsetjinga auke med ytterlegare 9,4 mill.kr.

Nærare om avsetjing og bruk av fond og overføring til investering:

Bruk og avsetjing til disposisjonsfonda i planperioden:


År	2022	2023	2024	2025	Sum
Avsetjing til eigedomsskattefond (jf. vedlegg)	10 000	10 000	11 000	11 000	42 000
Bruk eigedomsskattefond (jf. vedlegg)	-15 222	-8 362	-9 362	-9 162	-42 108
Til flyktningefond (unytta integrasjonstilskot)	1 066	1 066	1 066	1 066	4 264
Til disposisjonsfond (tilbakebet.utlån)	498	0	733	0	1 231
Til disposisjonsfond (ØP-22)	1 543	264	1 389	834	4 030
Bruk disposisjonsfond til investering	-1 200	0	0	0	-1 200
Bruk disp fond (saldering ØP-22)	-1 798	0	0	0	-1 798
Sum avsetjing	13 107	11 330	14 188	12 900	51 525
Sum bruk	-18 220	-8 362	-9 362	-9 162	-45 106
Netto avsetjing (/bruk -)	-5 113	2 968	4 826	3 738	6 419

År	2022	2023	2024	2025	Sum
E-skattefond endring	-5 222	1 638	1 638	1 838	-108
Flyktningefond endring	1 066	1 066	1 066	1 066	4 264
Disp-fondet endring	-957	264	2 122	834	2 263
Sum	-5 113	2 968	4 826	3 738	6 419

Overført til investering frå driftsmiddel/disposisjonsfond:

År	2022	2023	2024	2025	Sum
Overføring til investering	7 950	-	1 000	1 000	9 950
Skibru Finntøppvegen (e-skattefond)	5 800	-	-	-	5 800
Furustrand inkl.gangveg (e-skattefond)	500	-	-	-	500
Aksjer Nasjonalt senter for fjellandbruk (e-skatt)	300	-	-	-	300
Trillesti Rupetjeden (e-skattefond)	150	-	-	-	150
Rogne barnehage (disp-fond)	1 200	-	-	-	1 200
Asfaltering kommunale vegar (disp-fond)	-	-	1 000	1 000	2 000

Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



År	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Brutto driftsinntekter	298 949	333 002	342 617	349 617	347 251	366 880	369 852	376 425	381 139
Lånegjeld totalt 31.12.	249 145	237 745	362 965	401 054	558 157	562 247	628 040	694 318	753 021
Lånegjeld generaløkonomien 31.12	155 632	121 193	230 710	246 643	388 456	331 725	320 002	306 844	289 081
Lånegjeld sjølvkost 31.12.	90 769	113 533	128 981	151 137	169 701	230 522	308 038	387 474	460 666

Lånegjelda har auka monaleg i 2020 og 2021 med det nye Helsetunet, og vil fortsetja å auke betydeleg i planperioden. Figuren viser eit hopp i lånegjeld for generaløkonomien i 2021, før det går nedover, i takt med at planlagde investeringar er vesentleg lågare enn avdrag i åra framover. Målet til kommunen er at samla langsiktig lån for generaløkonomien ikkje utgjer meir enn 50% av kommunens brutto driftsinntekter. Dette målet blir ikkje nådd i denne økonomiplanperioden, men kommunen er på rett veg.

Gjelda totalt aukar framover som følge av planlagde investeringar innan vatn og avløp. VA-investeringar er sjølvkostområde, som blir finansiert 100% med låneopptak, og betalt gjennom auka VA-gebyr. Vi syner til nærare omtale under vedlegg sjølvkostbudsjett.

I tillegg kjem lån i Husbanken til vidareutlån, som utgjer 2-6 mill.kr.

Kommunen sine tenesteområde

Rådmannen - fellesområde

A Analyse og utfordringar

Kommunen har i denne økonomiplanen sett som ei viktig målsetjing å effektivisere drifta. Dette for å oppnå budsjettbalanse i åra framover utan å tære på disposisjonsfond, og halde seg innanfor dei økonomiske handlingsreglane. Rådmannen har sett i verk analyser og enkelte effektiviseringsprosessar, og føreslått og drøfta enkelte tiltak med formannskapet i samband med økonomiplanarbeidet.

Kommunen nyttar eit elektronisk internkontrollsystem. Dette er under stadig utvikling, og inneheld:

- Reglement/rutinar/prosedyrer (807 dokument per mars 2021)
- System for ROS-analyser
- System for avviksmeldingar/-handtering (inkl. ulykker/nestenulykker)
- System for varsling

Det vart i løpet av 2020 meldt om 138 avvik. Dette er noko mindre enn dei føregåande åra.

Kommunen hadde i 2020 eit sjukefråvær totalt på 9,5 %. Dette er på nivå med dei to føregåande åra, men høgare enn gjennomsnittet i kommunen dei siste 10 åra. Rådmannen er ikkje nøgd med nivået, og arbeider med tiltak som kan betre situasjonen.

Under rådmann og stab har det dei siste åra vore utfordringar med å få gjennomført alle oppgåver innan vanleg arbeidstid, bl.a. grunna høg aktivitet i kommunen, koronaen, endringar i organisasjon, system og anna. Mål framover er å koma ajour, gjennomføre arbeidet med dei ressursane ein har til rådvelde, men samstundes jamleg arbeide med forbetringar, m.v. finne fram til meir effektive måtar å løyse oppgåver på, og samstundes halde tilstrekkeleg høg kvalitet på arbeidet og god personell- og økonomistyring.

Det har ikkje vore gjennomført brukarundersøkingar eller vore tilsyn på rådmann eller stab sine område siste år.

B Kvalitetsvurdering

Merknad til budsjettet under rådmannen:

Under rådmannen er det spesielt mange postar som er ulik plassert på tenesteområde og sentralt i ulike økonomiske rapportar. Eks. er utbytte frå kraftselskap plassert under rådmannen her, men ikkje i forskriftsrapportar. Tilsvarande problemstillingar har vi for interne finanstransaksjonar mv.

C Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2019	Øystre Slidre 2020	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	4 239	2 006	4 694	4 310
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	289	438	252	128
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	579	456	566	383

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Øystre Slidre har i 2020 rapportert ein god del lågare administrasjonsutgifter enn året før og samanliknbare grupper. Kommunen har i 2020 hatt meir fokus på kostrafunksjonar og fordelt felleskostnader i større grad. Ei viktig årsak til endringa var endring i fordeling av IKT-utgifter. IKT-utgifter må skjønnsmessig bli fordelt på felles system som skal under administrasjon, og sektorvise system og utgifter, som skal belastast tenestene. Fordelinga blir revurdert i 2021, noko som mest sannsynleg vil medføre auka administrative utgifter, og reduserte IKT-utgiftene til tenestene, spesielt opplæring og kultur.

Kommunen har i 2020 brukt vesentleg meir til kontroll og revisjon enn gjennomsnittet i kontragrupper 4. Det har i 2020 vore ekstraordinært høge kostnader på området, i samband med nedlegging av Kommunerevisjon IKS.

Kommunens utgifter til politisk styring gjekk litt ned i 2020, men ligg på eit normalt nivå om ein ser på gruppene kommunen samanliknar seg med.

D Måltabell

Hovudmål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Delmål

Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarende tenester.

Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.

E Innsparingstiltak

Redusere andre tenester under rådmann 2022-

Det synes mogleg å redusere budsjettposten til andre tenester under rådmannen med f.eks. kr 150`. Dette er unytta løyving siste par åra.

Redusere buffer i lønnsbudsjettet (samla) 2022-

Rådmannen har vurdert det mogleg å redusere buffer i lønnsbudsjettet (samla) med 1.000` i 2022, og 1.500` frå 2023. Dette vil vi oppnå m.a. ved å vurdere omstruktureringar og effektivisering på leiar- og administrativt nivå.

Redusere unytta ramme i kurs og skyss politikarar 2022-

Det ser ut til å kunne kuttast ca 40` i kurs møter opplæring og skyssutgifter for politikarar, dette er unytta ramme siste par år.

F Nye tiltak

Kontrollutvalet vedtok i KU-ØS-38/21 auka budsjetttramme 2022-

Kontrollutvalet har i sak KU-ØS-38/21 vedteke auka ramme med 320` til kr 871`. Det er 301` meir enn opprinneleg løyving i 2021-budsjettet (556`) med tillegg for kommunal deflater for 2022 (2,5%).

G Driftsbudsjett

Fordeling per ansvarsområde

Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Politisk leiing og kontrollorgan	3 161	2 804	2 883	2 883	2 883	2 883
Rådmannen felles	3 181	3 934	3 706	3 206	3 206	3 206
Stab	12 823	16 598	17 123	17 130	17 048	17 033
Kraftforvaltning	-14 720	-9 972	-11 871	-11 126	-11 773	-11 773
Ramme og skatt	-235 733	-242 959	-247 686	-248 656	-249 675	-250 744
Renter og avdrag	16 512	22 402	25 269	29 130	33 025	37 569
Interne finanstransaksjoner	-8 465	-6 911	-5 805	-5 673	-2 815	-3 903
Sum	-223 242	-214 104	-216 380	-213 105	-208 100	-205 728

Opplæring og kultur

A Analyse og utfordringer

A.1 Demografisk utvikling

Tabell 1 | viser at tal på barn i barnehagealder og i grunnskulealder går ned fram til 2045. Nedgangen er særleg stor for barn i grunnskulealder.

Tabell 2 viser tal elevar i 1. klasse på kvar barneskule. År 2027 er forventa tal.

Tabell 1	2021	2026	2031	2036	2041	2046
0 - åringar	34	27	26	26	25	25
Barnehage (1-5 år)	143	142	137	136	137	132
Grunnskule (6-15 år)	345	318	297	284	282	283

Tabell 2	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Lidar skule	11	15	12	9	12	13	5
Rogne skule	18	23	12	10	22	13	21

Barnehagane har bygningsmessig kapasitet til eit årleg barnetal på 32-33 barn. Slik sett vil noverande kapasitet vere tilstrekkeleg i åra framover. Dagens barnehagekapasitet er på $110+55+42=207$ plassar. Dei siste 6 åra er det i gjennomsnitt født 30 barn. 30 barn krev ein kapasitet på 210 plasser. Det føreset opptak til barnehage iht. barnehagelova (dvs. rett til plass i august eller seinare det året barnet fyller 1 år). Det kan variere kvar i kommunen det er størst etterspørsel om plass i barnehagen. Vi ser at vi i all hovudsak vil kunne gje tilbod om plass lokalisert til heimane sitt fyrsteval, men må også rekne at dei får tilbod om plass i ein anna barnehage. Vi har vedtekter som ivaretek prosessen for plassering av barn i barnehagane.

Skulane er samla sett dimensjonert for å handtere fleire elevar enn det talet på barn denne framskrivinga viser. Med to relativt like barneskular nord og sør i kommunen vil busettingsmønsteret avgjere om skulane ligg der folk etter kvart buset seg. Dei barna som går i barnehagane i dag, bur slik til at Rogne skule vil ha større elevtal enn Lidar skule framover.

For kulturfeltet vil endringa i talet eldre vere den faktoren som i størst grad vil utfordre vårt tilbod. Omfang på kulturskulen følgjer tal barn i kulturskulealder, medan anna kulturtilbod skal famne alle aldersgrupper. Omfanget av elevar i kulturskulen kan variere i periodar. Dette er med på å styre behovet for tilsette med kompetanse innanfor smale fagfelt. Kulturskulane i Valdres samarbeider om tilsette, men vi ser at vi treng å nytte tilsette som pendlar mellom anna frå Oslo.

Flyktningarbeidet er avhengig av tal på nye busettingar. Kommunen vil busette 12 nye flyktningar i 2022. Det er lagt til grunn at kommunen skal ta i mot minst 12 flyktningar pr år også i åra som kjem, men kunne busette 20 flyktningar.

A.2 Nasjonale utviklingstrekk

Skuleåret 2021-2022 blir innføringa av revidert læreplan fullført. Dette inneber at alle elevar i grunnskulen følgjer fagfornynginga. Arbeidet med læreplan og fagfornynging har prega skulane sitt utviklingsarbeid dei siste

åra. Dette arbeidet vil også dei neste åra ha høg prioritet med tett samarbeid med Høgskulen i Innlandet og i regionalt utviklingsarbeid.

Frå og med skuleåret 20/21 vart det innført ei ordning som skal hjelpe barn frå familiar med låg inntekt i å nytte skulefritidsordninga. Ingen skal betale meir enn på 6% av total inntekt i hushaldninga for SFO-tilbodet. Tilbodet er no utvida til å gjelde 1.-4. kl. Ordninga vil gjelde få familiar i Øystre Slidre, sidan SFO-prisen i kommunen er låg. For elevar med særskilde behov, er det gratis SFO 5.-7. klasse.

Statped er ein statleg spesialpedagogisk teneste som bistår kommunane med fagleg spisskompetanse. I ei femårsperiode, med oppstart haust 2020 blir det gjennomført eit kompetansekløft i kommunane for at dei i større grad skal kunne ivareta barn og unge med behov for tilrettelegging. Det vil bli stilt større forventningar til at kommunane kan gje hjelpa som trengs utan bistand frå 3. linjetenesta. I Øystre Slidre blir vi med i ordninga Kompetanseløftet frå hausten 2021 for å vera førebudd til overgangen. Dette er eit regionalt arbeid i Valdres, og for budsjettåret 2022 vil det hovudsakeleg vera kompetanseheving for tilsette i PPT.

B **Kvalitetsvurdering**

Barnehage

Foreldreundersøkingar og medarbeidarundersøkingar vert gjennomført annakvart år. Vi har ikkje gjennomført undersøkingar i koronaperioden.

Internt tilsyn vert gjennomført kvart tredje år i samarbeid med Vestre Slidre kommune og Vang kommune. Neste gong er barnehageåret 22-23 for Øystre Slidre.

Mattilsynet har vore på tilsyn i Beito barnehage og Rogne barnehage. Det var behov for utbetringar som er gjennomført i 2021.

Skule

Elevundersøkinga vert gjennomført kvart år for 5.-10. trinn. Resultata frå denne undersøkinga vert lagt fram i tilstandsrapport for grunnskulen. Det er planlagt gjennomført foreldreundersøking i 2022. Medarbeidarundersøkinga vert gjennomført annakvart år. Undersøkinga som skulle vore gjort i 2020, men vart utsett pga korona.

ROS-analyser vert gjennomført kvart år på skulane.

Kultur/kulturskule

Det er ikkje gjennomført tilsyn eller brukarundersøkingar.

Flyktningtenesta

Det er ikkje gjennomført tilsyn eller brukarundersøkingar.

C Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2019	Øystre Slidre 2020	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	657	398	500	426
Barnehage nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	11,1 %	9,6 %	11,3 %	14,2 %
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) Skolefritidstilbud *) **)	346	276	503	809
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	1 968	2 014	2 434	2 529
Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B) *) **)	85	211	109	168
Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B) *) **)	376	346	357	295
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)	181 616	162 860	184 377	170 385
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	109 135	122 172	103 707	93 032
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	6 349	6 026	4 058	2 641
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	3 099	2 919	5 566	6 203
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,5 %	1,5 %	1,4 %	1,2 %
Skolelokaler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	3,9 %	3,8 %	2,4 %	2,7 %
Skoleskyss brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,8 %	0,6 %	0,5 %	0,3 %
Produktivitet				
Driftsutgifter til undervisningsmaterieil (202), per elev i grunnskolen *)	1 786	2 084	1 531	1 333
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	169 660	168 212	143 700	123 907
Dekningsgrad				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	8,3 %	5,6 %	1,3 %	3,0 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	3,7 %	6,7 %	10,1 %	7,8 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	2,3 %	1,8 %	2,8 %	4,7 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	84,6 %	78,3 %	83,7 %	84,0 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	17,7 %	24,5 %	20,7 %	17,8 %
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	6,0	4,5	3,0	2,2
Kvalitet				
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	42,2 %	45,9 %	42,9 %	42,4 %
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	96,4	94,8		
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,0	3,8		
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	39,7	39,5	42,4	42,9
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	10,4	10,7	11,0	12,8

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kultur

Øystre Slidre kommune sin bruk av midlar på kulturområdet kan ikkje direkte samanliknast med andre kommunar. Ein del midlar er i grenselandet kultur og næringsstøtte. Ikkje alle desse midlane kjem til syne i kulturindikatorane.

Kulturskolen har mange brukarar og nesten 40 % av grunnskuleelevane er elevar i kulturskolen. Brutto driftsutgifter til skulen pr. bruker ligg godt under Kostragruppe 04 og landet utan Oslo.

Kulturskolen nyttar mykje midlar pr barn i kulturskulealder samanlikna med andre, fordi det er mange som deltek. Likevel kjem vi godt ut på målinga om at vi driv billig pr.elev. Noko av forklaringa er liten tidsressurs pr. elev i kulturskolen og at vi har ein del gruppeundervisning.

Ventelista har gått ned, noko som truleg har samanheng med at elevtalet i kommunen går ned og at vi har eit fråfall i organisert aktivitet generelt. Vi har ein aktiv kultursektor som gjev eit breitt tilbod.

Barnehage

Kommunen har eit mindreforbruk på sine barnehagar pr barn samanlikna med kommunane i kostragruppe 4 i 2020. Ser vi på tidlegare år ligg vi dei fleste åra likt, men har eitt år der kostragruppa har ligge lågare ressursbruk enn Øystre Slidre kommune. Deler av forklaringa på mindreforbruket i 2020 er nedlegginga av Tingvang barnehage. Pedagogdekninga ligg noko over den norm som er fastsett i barnehagelova, og er i 2020 litt over kostragruppe 4 og landet utan Oslo. Kommunen har hatt ei gledeleg auke i del barn med minoritetsbakgrunn med barnehageplass dei siste åra. I 2020 gjekk andelen noko ned.

Skule

Skulene i kommunen har eit høgare kostnadsnivå enn kostragruppe 4 og betydeleg høgare enn i landet utan Oslo. Ein del av forklaringa ligg truleg i lærartettleik inkl. behovet for spesialundervisning. Lærartettleik blir i kostra vist ved gjennomsnittleg gruppestorleik. Gjennomsnittleg gruppestorleik syner grovt sett kor mange elevar pr lærar skulen har. Her er all undervisning tatt med, både ordinær undervisning og spesialundervisning, Gjennomsnittleg gruppestorleik i Øystre Slidre er på 10,7 medan tilsvarende tal for landet utan Oslo ligg på 12,8. Lærartettleiken bidreg truleg også til at skulane i kommunen har ein lågare del elevar med spesialundervisning enn kostragruppe 4 og landet utan Oslo. Ser vi tal elevar med spesialundervisning saman med tal timar som går til spesialundervisning, er det forholdsvis mange timar spesialundervisning pr elev samanlikna med kostragruppe 4 og landet utan Oslo. Det har også vore ei auke i utgifter i følgje Kostra frå 2019 til 2020. Bakgrunnen for auka er endring i registrering av postar i kommunen, og at vi sluttførte full pcdekning i skulane. Kommunen har ein litt større del av brutto driftsutgifter på skuleområdet som går til lokale og skyss enn kostragruppe 4 og landet utan Oslo. Avgangselevane på ØSUS scora lågare enn landet på gjennomsnittleg grunnskulepoeng i 2019.

D Måltabell

Hovudmål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Delmål

Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråværet for kommunane for tilsvarende tenester.

Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.

Opplæring og kultur: Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli tatt imot, å bli ivareteke på ein god måte i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompetansen.

Opplæring og kultur: Alle elevar skal ha eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø.

Opplæring og kultur: Alle ungane i barnehagen skal ha minst ein å vera i lag med.

Opplæring og kultur: Auke aktiviteten i Tingvang kulturarena for unge og vaksne gjennom konsertar, debattar, standup, foredrag mv.

Hovudmål

Delmål

Opplæring og kultur: Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette.

Opplæring og kultur: Elevane skal ha ei god fagleg utvikling.

Opplæring og kultur: Kvar ped-leiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte.

E Innsparingstiltak

Bibliotek - redusere innkjøp bøker 2022-

Biblioteket kan redusere innkjøp av bøker med anslagsvis 25` årleg i planperioden.

Innsparing kulturavdelinga

Kommunen bruker per i dag middel på kultursektoren som ikkje er pålagt, og kan kuttast ned på. I forslaget ligg reduksjon med totalt kr 250`. Dette omfattar i hovudsak:

- kulturtilskot som ikkje er pålagte eller bundne ved avtale: reduksjon med 150`
- ikkje arrangere konsertar/arrangement med kjende artistar: reduksjon med 60`
- reduksjon matvarer: 40`

Kutt i driftsutgifter grunnskule

Grunnskuler kan redusere budsjettet innan skulemateriell, kontormateriell og inventar, med 174` årleg i planperioden. Skulesektoren har vist mindreforbruk dei siste åra, slik at vurderinga er at budsjettkuttet ikkje vil få store konsekvensar. Fagfornynginga vil ikkje bli sett i fare ved dette kuttet.

Kutt innan drift barnehage

Barnehagane kan redusere forbruksmateriell med 25` årleg i planperioden.

Innskrenke opningstider i barnehagen 4 veker i juli

Kommunestyret vedtok å innskrenke opningstider i barnehagen i juli, altså 4 veker, slik: kl 08.00-16.00. Dette er berekna å kunne gje innsparing på ca. kr 40` i ferievikarar for kvar barnehage, dvs. totalt kr 80`.

F Nye tiltak

Kyrkjeleg fellesråd - budsjettforslag 2022

Budsjettforslaget frå Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd for 2022 viser kommunalt tilskot på kr 3.440`. Tilskotet løyva i 2021 frå kommunen var på 3.287`. Ved bruk av kommunal deflator for 2022 (2,5%) blir det å oppjustere til kr 3.369`. Forskjellen opp til fellesrådet sitt ynskje er kr 87`.

G Driftsbudsjett

Fordeling per ansvarsområde

Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Felles opplæring og kultur	5 228	6 135	5 742	5 392	5 392	5 482
ØSUS	15 097	13 685	13 258	13 258	13 258	13 258
Rogne skule	15 363	12 918	14 636	14 636	14 636	14 636
Lidar skule	13 725	13 622	13 747	13 747	13 747	13 747
IIB Tingvang barnehage	2 298	-90	0	0	0	0
Rogne barnehage	8 589	10 216	9 805	9 907	9 907	9 907
Beito barnehage	5 597	4 325	5 369	5 417	5 417	5 417
Private barnehager	3 639	4 501	5 046	5 180	5 046	5 046
Kulturavdelinga	9 764	8 832	8 947	8 947	8 947	8 947
Flyktingetenesta	3 295	5 825	-130	-130	-130	-130
Sum	82 594	79 969	76 420	76 354	76 220	76 310

Helse og omsorg

A Analyse og utfordringar

A.1 Demografisk utvikling

Tabellen under syner at vi får ei markant auke i aldersgruppa 80- 89 år i åra som kjem, og mindre utslag når det gjeld dei andre gruppene. Tidlegare har ein stor del av aldersgruppa 80+ hatt vedtak om tenester på det høgste nivået (institusjonsplass) i tenestetrappa vår. Utviklinga dei siste åra viser at dette er i endring, i 2017 hadde 17,6% av dei over 80 år tilbod om sjukeheimplass, i 2018 hadde 16,3% dette tilbodet. Vi ser ein trend som viser at gruppa 0-60 år i større grad enn tidlegare mottok heimetenester. I 2017 hadde 23,9% i denne gruppa heimetenester, mot 27,1% i 2018. Det er og slik at heimetenester til denne aldersgruppa ofte er omfattande tiltak og står for ein stor del av dei totale utgiftene til helse- og omsorg.

Vi kan forvente at fleire av dei eldste innbyggjarane i større grad enn tidlegare vil klare seg med tenester i heimen og vi vil dreie innsatsen mot denne tenesta. Eit utviklingstrekk er at gjennomsnittsalderen er aukande, og den generelle folkehelsa blir betre. I tillegg forventar vi effekt av auka fokus på førebyggjande tiltak, og at vi difor vil klare oss lenger i eigen heim. Det betyr at dei som er aktuelle for sjukeheimplass vil ha lågt funksjonsnivå, og ha trong for omfattande tenester.

Statistikken syner at det er om lag 85 000 eldre med demens i Norge i dag. Prognoser fram mot år 2034 tilseier at dette talet vil auke med om lag 80-90%. For Øystre Slidre sin del kan dette bety at vi har om lag 80-90 eldre med demens i utgangen av neste 15- årsperiode. Mellom 80-90 % av alle som har ein demenssjukdom vil ha behov for døgnbaserte tenester, i omsorgsbustader eller i sjukeheim. Dette vil utfordre oss i stor grad når det gjeld nok kapasitet, og kompetanse.

	2021	2026	2031	2036	2041	2046
Eldre (67-79 år)	505	527	512	574	609	595
Eldre (80-89 år)	135	195	268	288	287	322
Eldre (90 år og eldre)	25	25	41	63	91	98
Total	3236	3220	3218	3206	3190	3171

A.2 Nasjonale utviklingstrekk

Satsing på E-helse

E-resept

Dette er ei nasjonal løysning for elektronisk samhandling i helsetjenesta. E-resept gjer tryggare legemiddelbruk og færre feil ved forskrivninger og utlevering. Det har vore ei jevn auke i bruken av e-resept sidan innføringa i 2011. I desember 2019 var 93,4% av alle utleverte pakningar med legemidler e-resepter.

Kjernejournal

Kjernejournal er ei elektronisk løysing som samlar helseopplysningar for pasientar i Norge, og gjer helsepersonell tilgang til opplysningane, uavhengig av behandlingsstad. Alle landets 5,3 millioner innbyggjarar har kjernejournal, og ved utgangen av 2019 har 2,5 millioner av desse opna og sett sin kjernejournal

Covid-19

Vi kjem i stor grad til å måtte tilpasse tenestane våre etter utviklinga av covid-19 pandemien også i 2022. Langtidsverknadene ser vi ikkje enno, men det er grunn til å rekne med større merksemd om smittsame sjukdomar i alle delar av samfunnet og særleg innan helse og omsorgstenestene. Det er særleg viktig å fange opp at dei som grunna pandemien opplever utanforskap, for at desse blir fanga opp slik at dette ikkje dette blir ein varig tilstand. Det er særleg grunn til bekymring for dei yngste som står utan skuleplass, og ikkje kjem inn i den knappe arbeidsmarknaden som er gjeldande no.

Ny barnevernlov

Føremålet med den nye lova er å sette barna sine behov i sentrum, bidra til betre fagleg arbeid og styrke rettstryggleiken for barn og foreldre. Gjeldane barnevernlov er over 25 år gammal, og det er behov for ei meir tilgjengelig lov som speglar samfunnet slik det er i dag. Her er nokre døme på igangsette tiltak etter ny barnevernlov:

- Innføring av samtaleprosess.
Bruk av samtaleprosess kan senke konfliktnivået mellom barneverntenesta og foreldra og bidra til mindre bruk av tvangsvedtak. Færre tvangsvedtak er i samsvar med prinsippet om minst inngrep og retten til familieliv. Ved å innføre dette som ei varig ordning i fylkesnemndane meiner regjeringa det vil skape meir tryggleik for barnet, og færre tyngande rettsprosessar.

- Auka aldersgrense for rett til ettervern frå 23 år til 25 år. Med ei grense opp til 25 år for ettervern, vil færre som har opplevd omsorgssvikt falle utenfor som unge vaksne. Det er sett av 24 mill. innafor rammetilskotet til dette formålet i statsbudsjettet for 2021.
- Innføring av krav om årleg tilstandsrapportering til kommunestyret. Årleg krav om tilstandsrapportering frå barneverntenesta gjer at kommunen jevnlig må vurdere om kvaliteten ved barnevernstenesten er god nok.

Det er delt ikraftsetting av lova. Rett til ettervern fram til fylte 25 år krever auka løyvingar til kommunane, og regjeringa vil komme tilbake til det når denne endringa vil tre i kraft. Dei andre endringane vil vera trått i kraft i 2021.

Barnevernreforma

Frå 2022 blir den nye barnevernreforma sett kraft. Essensen i denne er at kommunane i større grad enn tidlegare får ansvar for det totale barnevernet. Det betyr at mange av dei statlege oppgåvene og ansvaret for desse blir kommunale.

Mål for reforma

- Kommunane skal styrke arbeidet med tidlig innsats og førebygging
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familiare sine behov
- Rettstryggleiken til barn og familiar skal bli godt ivareteken
- Ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv

Kompetanseløft for kommunane si legeteneste

Stortinget har gjort vedtak om at alle legar i kommunehelsetenesta skal være spesialistar i allmenmedisin, samtidig som sjølvve spesialistutdanninga er lagt om. Kommunane vil få eit betydeleg større ansvar for å planlegge og tilrettelegge for spesialistutdanninga i allmenmedisin.

A.3 Lokale utviklingstrekk og utfordringar

Vi tok i bruk det nye Helsetunet i januar 2021. Flytteprosessen gikk slik vi hadde planlagt og pasientane fekk mest mogeleg saumlaus overgang til det nye bygget. Heimetenestane våre vart omorganisert i samband med overgang til nytt bygg. Vi har etablert ei teneste som har fått namnet Førebygging og meistring. Avdelinga gjer tenester til både heimebuande og dei som kjem inn på Helsetunet anten på avlasting, rehabilitering eller anna korttidsopphald. Målet med dette er at brukarane våre skal ha færrast mogeleg å forhalde seg til i sitt tenesteforløp. Overgangen har gjeve oss ein del utfordringar når det gjeld produksjon og flyt av informasjon og rutiner/prosedyrer til dei tilsette i avdelinga. Dette har skapt ein del utfordringar og kanskje unødig frustrasjon.

Vi ser ei utvikling i at det år for år blir meir utfordrande å rekruttere ferievikarar. Dette gjeld særleg sumaravviklinga. Dette har vore særleg utfordrande i 2021 med mykje bruk av overtid, og dyktige pensjonistar. Det er grunn til å tru at dette er ein nasjonal trend, og det råkar ikkje berre pleie og omsorgstensta.

Det pågår ei omstilling i sjukehuset innlandet som har ført til at det er lagt ned 10 senger på medisinsk avdeling på Gjøvik. Dette set kommunane i opptaksområdet under press, og vi ser at dei som blir skriven ut frå sjukehuset har auka behov for spesialisert oppfølging i heimkommunen.

Koronapandemien har utfordra oss, mykje fordi vi har måtte avsette betydeleg kapasitet til å lage rutiner, prosedyrer og planer, i tillegg til å skaffe nok smittevernustyr til å bygge beredskapslager. Vi har m.a. etablert kapasitet for å huse heimebuande smitta som vil ha behov for tyngre pleie og omsorg, men kapasiteten er svært begrensa.

Vi ser at nyutdanna legar vektlegg det å ha føreseieleg inntekt, sleppe driftsansvar, få løn under sjukdom og ikkje minst å kunne ta ferie i betydeleg større grad enn tidlegare. Norma for listelengde nasjonalt er sterkt fallande og er no på mellom 600 og 700 pasientar på fastlegelistene. Vi har to legar som har 1200 på sine lister og den tredje har 900. Vi må vurdere kva som bidreg til god rekruttering og ei fortsatt stabil legeteneste framover.

A.4 Omorganisering, kommentar til budsjetttrammer

Kommunen gjennomførte omorganisering av helse- og omsorgstenesta i samband med flytting frå gamle sjukeheimen til nye helsetunet. Regnskaps- og budsjettmessig er siste endringane gjennomført frå 2022. Herunder er det inndelt i "Institusjonstenester" og "Førebygging og meistring". Tildelings- og bustadkontor er etablert under "Felles helse og omsorg", og husleigeinntekter for omsorgsbustader er i samband med dette overført frå teknisk drift.

B Kvalitetsvurdering

Helse og omsorgstenestane i Øystre Slidre kommune gjennomfører systematiske brukar- og pårørandeundersøkingar annan kvart år for å få eit bilete på korleis tenestane vår blir opplevd av brukarane. I tillegg utfører vi medarbeidarundersøkingar, der dei tilsette har høve til å gje uttrykk for korleis dei opplever sin arbeidskvardag. Vi hadde planer om å gjennomføre medarbeidar-, bruker og pårørandeundersøkingar i 2020, men grunna koronapandemien er dette utsett. Vi tek sikte på å få gjennomført nye undersøkingar i 2022.

Tilsyn

Statsforvaltaren har sett alle planlagde tilsyn på vent grunna pandemien. Helse og omsorgstenestane har ikkje hatt tilsyn sidan 2019.

C Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2019	Øystre Slidre 2020	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	460 078	373 458	214 608	214 657
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten *) **)	17 849	20 505	13 315	10 695
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten (B) *) **)	19 852	21 127	19 636	19 775
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	35,1 %	35,1 %	35,8 %	32,1 %
Produktivitet				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	12,3	26,7	16,9	17,5
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	53 863	48 155	39 928	50 855

Økonomiplan for 2022-2025

Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) *)	307 457	341 963	279 221	283 689
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 048 918	1 105 225	1 231 014	1 303 122
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	3 811	4 195	3 996	4 033
Dekningsgrad				
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,5 %	2,7 %	3,4 %	2,9 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	3,3 %	5,3 %	4,9 %	4,7 %
Kvalitet				
Andel brukerretnede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	80,5 %	80,5 %	77,6 %	78,0 %
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 110,0	1 107,0	1 088,0	1 149,0
Kommunekasse				
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B) (Kommunekasse)	37,6 %	36,5 %	32,1 %	34,3 %
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse) *) **)	2 437	2 808	2 395	2 320
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) (Kommunekasse) *) **)	1 843	2 187	2 809	2 945
Netto driftsutgift per bruker av hjemmebaserte tjenester (254) (Kommunekasse)	339 274	358 982	213 560	254 303
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse) *) **)	208	285	236	373
Netto driftsutgifter per innbygger (254) helse- og omsorgstj. til hjemmeboende (B) (Kommunekasse) *) **)	9 826	9 729	9 382	10 116
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) (Kommunekasse) *) **)	3 039	3 554	3 243	3 407

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Vi ser ei betydeleg utgiftauke til pleie-og omsorgstenestane. Vi fekk fleire tunge tiltak i 2019 som måtte etablerast for å kunne stille opp med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. Eitt av desse tiltaka må vidareførast i 2022. Det er forventa ein ytterlegare vekst i utgiftene i takt med at vi rekneskapsfører kapitalutgifter til Helsetunet.

Det er ei markant auke i utgiftene i barnevernet. Dette skuldast at kommunen har ei sterk auke i talet på undersøkingar, og at mange av desse ender i omsorgsovertaking og omplassering av barna. Dette bidreg og til at utgiftene til sakkunnige og konsulentar aukar i takt med talet på plasseringar.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp er fortsatt høge i 2020, men har flata ut.

Vi har styrt innsatsen noko meir mot heimebaserte tenester for at brukaren kan bu heime så lenge dei føler det trygt. Det betyr at vi frå januar 2021 har 24 langtids institusjonsplassar og 12 korttids/rehabiliteringsplassar. I tillegg har vi 18 omsorgsbustader med heildøgns bemanning i det nye Helsetunet.

Vi er på rett veg når det gjeld årsverk med helsefagleg utdanning, og vi ligg stabilt på 80,5%. Dette er godt over kommunegruppe over landet.

Legane våre har mange pasientar på sine lister om ein samanliknar med kommunegruppa. Vi vil lage ei plan for legetenesta i Øystre Slidre kommune for å stå betre rusta til å utvikle tenesta i samsvar med dagens og framtida sine krav.

D Måltabell

Hovudmål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Delmål

Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarende tenester.

Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.

Helse og omsorg: Alle barn i barnevernet som har tiltak skal ha tiltaksplan

Helse og omsorg: Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioden ha relevant fagutdanning

Helse og omsorg: Vi skal bidra til at innbyggjarar skal meistre eget liv.

Helse og omsorg: Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet.

Helse og omsorg: Vi skal legge til rette for at den einskilde skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.

Helse og omsorg: Vi skal sikre at alle under 30 år er i arbeid, utdanning eller aktivitet.

Helse og omsorg: Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.

E Innsparingstiltak

Innkjøp av digitalt fag- og journalsystem OMHU - effektivisering og reduksjon lønnsbudsjett

Dette er eit fagsystem som er tilpassa "Tilrettelagte tenester" og deira arbeidsmetodar (bruk av målretta miljøarbeid, tverrfaglig samarbeid, detaljerte registreringar og handlingskjeder, skiftande tiltak som ein evaluerer fortløpande). Ved at tilsette har oppdatert og nødvendig informasjon tilgjengeleg til ein kvar tid syter ein for høgare kvalitet på arbeidet som blir gjort, føreseielegheit for tenestemottakarane og rapportering på likt grunnlag. Det vil medføre effektiviseringsgevinst, som kan takast ut i reduksjon i årsverk. Lønnsbudsjettet er redusert med 364` årleg frå 2023. Årlege lisenskostnader kr 124` og oppstartslisens i 2022 på 20` er lagt inn som nye kostnader. Ved kjøp av systemet vil kommunen oppnå innsparingar av pc/telefonar, ca. 21` årleg (mogleg innsparing registrert). Tenesta vil i større grad gå over til mobile løysingar og kan difor redusere stasjonære pc-ar.

Reduksjon 1 årsverk tilrettelagde tenester

Vurderinga er at vi kan redusere med eit årsverk ved tilrettelagde tenester (snittkostnad på 552` per år), grunna endring i brukerportefølje.

F Nye tiltak

Byte ut tryggleiksalarmar

Kommunen må byte ut tryggleiksalarmar innan 2024. Det dreier seg om 55-99 alarmar. Dette er eit førebyggjande tiltak i samband med eldrebølgja. Budsjettet er auka med kr 65` årleg i planperioden.

Digitalt tilsyn omsorgsbustader

Gjeld lisensering av RoomMate til bruk i private heimar for å kunne gå over til elektronisk tilsyn der det eignar seg. Det er tenkt å satse på dette i fleire trinn, og trinn ein er å kjøpe inn dette utstyret i dei 18 omsorgsbustadene i Helsetunet i 2021, slik at alle bueiningane inkl. institusjonen har slikt utstyr i løpet av 2022. Budsjettet er auka med nye årlege lisensar, kr 40` per år.

Ekstra dagvakt Smørkøll 7 dgr/veke

Dette tiltaket inneber auke i grunnbemanning med ei ekstra dagvakt helsefagarbeider 7 dagar i veka på plan 3, Førebygging og meistring - avdeling Smørkøll, 793` per år.

På bakgrunn av ny organisering, og erfaring frå prosjektåret for drift/turnus ser arbeidsgruppa for innflytting og leiinga at det er behov for auka bemanning på avdeling Smørkøll under Førebygging og meistring. Smørkøll er ein avdeling med samansatt pasientgruppe og krev tett oppfølging. Avdelinga består av rehabilitering, korttidsopphald og avlastning. Dei siste månadane har kommunen fullt belegg, og mange av pasientane er også multimorbide og krev tett oppfølging. Kommunen må sikre at vi gjer helsehjelp etter vedtak. Det er behov for ein betre flyt i arbeidskvardagen med meir stabilt personal.

Elektronisk medisineringsstøtte for heimebuande

Elektronisk medisindispenser kan registrere om brukaren tek medisinen ut av dispenseren, og sender varsel til helsepersonell via mobilnettet dersom medisinen ikkje blir teke ut. Ved å innføre elektronisk medisinstøtte vil fleire kunne administrere medisinen sin sjølv, og vi kan redusere antall fysiske tilsyn. Dette kan og bidra til å utsette behov for høgare omsorgsnivå ved at ein kan meistre å bu heime lenger.

G Driftsbudsjett

Fordeling per ansvarsområde

Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Felles helse og omsorg	25 193	24 630	20 890	20 520	20 489	20 464
Helse	15 087	14 359	9 846	9 846	9 846	9 846
Førebygging og meistring	0	0	31 080	31 080	31 080	31 138
Institusjonstenester	50 290	48 708	31 457	31 457	31 457	31 457
Tilrettelagte tenester	14 338	15 607	15 637	15 253	15 253	15 253
Sum	104 908	103 304	108 910	108 156	108 125	108 159

Tekniske tenester

A Analyse og utfordringar

A.1 Demografisk utvikling

Årstal	2021	2026	2031	2036	2041	2046
Totale innbyggartal	3236	3220	3218	3206	3190	3171

Figuren over viser SSB sin langtidsprognose for befolkningsutvikling i kommunen. Kommunen arbeider for å redusere befolkningsnedgang, og har siste åra hatt svak befolkningsvekst. Større vekst har det vore på deltidsinnbyggjarar.

Auka tal innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar vil gje behov for auka kapasitet til planlegging og utbygging av kommunal infrastruktur, frå utarbeiding av reguleringsplanar, planlegging, utbygging og drift av veg, vatn og avløp, oppmåling, handsaming av byggjesaker m.v. Målsetting om årleg vekst på 1% i talet på deltidsinnbyggjarar og ei dobling av talet på gjestedøgn på Beitostølen fram til 2035, slik det er formulert i samfunnsdelen, vil også sette betydelege krav til omfang og kvalitet på tenestene innan teknisk sektor. I dei seinare åra har det årleg blitt gjeve bruksløyve/ferdigattest til 50 – 60 fritidseigedomar. I tillegg kjem ei rekkje leilegheiter.

Handlingsdelen av VVA-planen ble revidert i 2021. Vi har ein ambisiøse planar for utbygginga av sikrere vassforsyning, auka kapasitet på avløpsreinsinga og utbygging av VA-leidningsnettet både i hytteområde og i bygda. Handlingsplanen vil legge til rette for å kunne nå målet om 1% årleg vekst i innbyggartal og deltidsinnbyggartal.

På fagområda innan tekniske tenester er det utfordringar med rekruttering av kompetente medarbeidarar. Dette kan utfordre måla vi har innan fleire fagområdet, eller gjere at vi må endre på strukturar og måtar vi løyser oppgåvene på.

A.2 Områda

Næring

Kommunen vedtok i 2021 ny samfunnsplan. Gjennom planen sin næringsstrategi og mål om næringsutvikling har vi fått eit grunnlag for eit føreseieleg, langsiktig og målretta næringsutviklingsarbeid.

Planarbeid og arealbruk er kommunen sitt viktgaste verktøy i næringsutviklingsarbeidet. Utvikling mot ei meir målretta sentrumssatsing i planarbeidet og i samarbeid med private aktørar har gitt gode resultat, og kommunen ynskjer å gå vidare og forsterke dette arbeidet, både på Beitostølen og på Heggnes.

Innføring av eigeomsskatt har gitt kommunen musklar til ei satsing på næringsområdet, og kommunen held fast på å nytte midlane til ulike fellestiltak som dei fleste næringsverksemdar har nytte av.

Kommunen har etablert ordningar med økonomiske verkemiddel som forsterkar eksisterande BU-ordning i landbruket. Dette har resultert i fleire nybygg, og ordninga vil bli vidareført. Beitebruksplanen som vart godkjent i 2021 vil vera eit viktig verktøy for å styrke beitenæringa, og på sikt redusere konfliktar knytt til arealbruk.

Gjennom prosjektet «Nasjonalt senter for fjellandbruk - Løken» har målet vore å ta ein nasjonal posisjon på fjellandbruk og auke talet på kompetansesarbeidsplassar. Det vidare arbeidet i 2021 har ført prosjektet nærare ei realisering, og vi tek sikte på ei etablering av senteret i 2022.

Vi har etablert næringsklyngja Klima+, som har fått tilslutnad frå både utbyggerar og andre bedrifter. I tillegg har fleire enkeltmannsføretak etablert seg i Klimapluss -huset. Vi har inngått intensjonsavtalar med utbyggerar m.v. for å samarbeide om utvikling av gode klimaløysingar for desse utbyggingsprosjekta. Vi ønskjer å utvikle klimarelaterte føresegnar i planverket, som set rammer for utbyggingane.

Plan

Revisjon av arealdelen av kommuneplanen, inkl kommunedelplanane for Beitostølen og Gravfjellet, blir sentralt i året som kjem. Dette vil leggja føreseielegerammer for arealbruken i kommunen i dei komande åra.

Områdeplanen for Størrtjednlie er framleis i prosess, men vil truleg bli fremma i løpet av året. Dette er ein omfattande plan som vil gje gje rom for stor byggeverksemd i åra som kjem. Det er varsla fleire andre reguleringsplanprosessar for 2022.

Det er eit mål å få revidert sti- og løypeplanen tidleg i 2022.

Byggsak, oppmåling og spreidd avløp

Sakshandsamingstida på byggjesaker har vore særst god. Vi har ein status i høve matrikkelen dei fleste kommunane vil misunne oss, og det er ei stor styrke når rammene blir meir krevjande.

Vatn og avløp

Vi har tilsyn frå Statsforvalteren, Mattilsynet og gjennomfører eigenkontroll innan vassforsyning og avløp. Det er få eller ingen avvik i desse tilsyna/eigenkontrollen, noko som kan tyde på god kvalitet. I internkontrollen er det laga Ros-analysar og prosedyrar. Det er laga beredskapsplanar for Ole og Kolstad vassverk, begge desse planane bør reviderast. Vaktordninga innanfor VA-tenesta gir full tilgjenge for publikum.

Vi har vore og er ambisiøse på VA-området. Dette har vore naudsynt for å sikre vatn av god kvalitet og hindre forureining. Kommunen har heimel til å krevje tilkopling til offentleg nett om kostnadane til bygging av private stikkleidningar ikkje blir for høge. Rettspraksis har vist kostnader til privat stikkleidning på kring 250 000.

Frå vinteren 2021/2022 blir brannhydrantar på Beitostølen helde snøfrie for å sikre god tilgang på sløkkevatn heile året.

FDV (forvaltning, drift og vedlikehold av kommunale bygg)

Det vert gjennomført jamleg branntilsyn av føremålsbygga, og ved avvik retter vi dette med ein gong. Det er investert i eit FDV system der kommunen som byggeigar etter kvart har full oversikt og kontroll med dokumentasjon, aktiviteter og avvik på sine eiga bygg. Sjølv om bygga er nye, så er det mykje «tekniske» installasjonar som kan vere dyre og vanskelege å drifte. Det er også eldre bygg som treng vedlikehold og rehabilitering. Vi ser eit særleg behov for å gjennomføre vedlikeholdstiltak som reduserer energibruken i kommunale bygg. Dette vil også ha ei langsiktig positiv verknad på kommuneøkonomien.

Veg

Vi er i gang med plan for asfaltering av kommunale vegar. Ekstraordinært vedlikehold som følgje av flaumskade kan medføre høgare driftsutgifter ved vårløysing og på hausten.

A.2 Kommenterar til budsjettramma

Budsjettramma for "Tekniske tenester" går mykje ned i planperioden (jf. tabell under kap. "Driftsbudsjett"). Sjølvkostområdet vatn og avløp (VA) ligg under dette tenesteområdet, herunder gebyrinntektene. Det er prognosert stor auke i gebyrinntektene framover, for å dekke inn auka investeringar. Ein stor del av dei utgiftene gebyrinntektene skal dekke; renter og avdrag/avskrivningar, ligg plassert sentralt. Difor viser dette området under tekniske tenester eit "overskot" som aukar (medan realiteten er at VA samla sett er saldert i 0).

C Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2019	Øystre Slidre 2020	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	24,5	22,9	16,8	15,4
Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	1 370	1 178	1 406	1 625
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate *)	150 077	148 036	97 254	150 533
Produktivitet				
Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb) *)	7 399	4 832		1 377
Avløp - Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1) *)	4 735	4 660	5 138	4 321
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	8	18	32	28
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) *)	7 403	9 741		1 172
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr) *)	2 967	2 920	4 701	3 881
Dekningsgrad				
Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (prosent)	43,2 %	43,1 %		83,0 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning	21,6 %	21,4 %		82,5 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk	62,1 %	61,6 %		86,6 %
Vann - Andel av husholdningsabonnentene som har installert vannmåler	95,0 %	95,0 %		40,7 %

Økonomiplan for 2022-2025

Kvalitet

Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1 *)	549	540	533	487
--	-----	-----	-----	-----

Grunnlagsdata (Nivå 3)

Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr) *)	9 957	13 130	12 578	15 614
--	-------	--------	--------	--------

Andre nøkkeltal

Samlet energibruk i adm.lokaler, egne bygg, per m2, konsern	129	99		155
Samlet energibruk i komm. institusjonslokaler, egne bygg, per m2, konsern	295	274		187
Samlet energibruk i komm. skolelokaler, egne bygg, per m2, konsern	175	163		118

Kommunekasse

Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B) (Kommunekasse) *) **)	1 949	-247	328	80
Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) (Kommunekasse) *) **)	608	772	351	124

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Prioritet

Kommunen har ikkje så mange kommunale bustader, og det kan vere ein årsak til at vi ligg under både kostragruppe 04 og landet utanom Oslo.

Vi har få km med kommunal veg. Kommunen har mykje vedlikehald både sommar og vinter på vegane. Vi ligg på same nivå som landet u/Oslo og litt høgare enn dei kommunane vi blir samanlikna med.

Produktivitet

Avløp - driftsutgifter per innbyggjar: Vi ligg veldig høgt i forhold til landet utanom Oslo. Dette har samband med at vi har få "innbyggjarar", men mange hytter som er påkobla den kommunale avløpstenesta.

Sakshandsamingstid: Sakshandsamingstida for 2019 er sakshandsamingstida for saker med 3 veker sakshandsamingsfrist. Talet for i år gjeld alle saker med både tre veker og 12 vekers frist. Talet ligg godt under kostragruppa, og syner at vi har ei effektiv avdeling på byggesaksområdet.

Vatn - driftsutgifter per tilknyta innbyggjar: Vi er ein kommune med få innbyggjarar og mange hytter. Dette gjer seg utslag i høge driftsutgifter for vatn i forhold til innbyggjarar.

Årsgebyr for vassforsyning: ØSK ligg under landet og kostragruppe 4 på årsgebyr vatn.

Dekningsgrad

Avløp - del av befolkninga som er tilknyta kommunal avløpsteneste: Vi har vel 40% del innbyggjarar koplå på kommunal avløpsteneste, noko som er ein god del lågare enn landet u/Oslo.

Vatn - del av befolkninga som er tilknyta kommunal vassforsyning: Vi ligg på kun 20% del innbyggjarar koplå på kommunalt vassverk. Dette har samband med at det er eit privat vassverk som dekker deler av kommunen, og at mange innbyggjarar har egne brønnar.

Vatn - del av husholdningsabonnentane som har installert vassmålar: Dei aller fleste av våre abonnentar er tilkopla ein vassmålar. Samanlikna med landet u/Oslo som ligg på ca 40 % så ligg vi godt over det.

Grunnlagsdata

Byggesaksgebyret ligg omkring snittet i kostra-gruppa

Andre nøkkeltal

Samla energibruk i adm.lokaler eigne bygg: Her ligg vi litt under samanliknbare kommunar, men langt under landet u/Oslo.

Samla energibruk i kommunale institusjonslokaler eigne bygg: Vi hadde i 2020 ein gammal sjukeheim som kravde mykje energi. Vi ligg veldig mykje høgare enn dei samanliknbare kommunane og landet u/Oslo generelt.

Samla energibruk i komm.skulelokaler: Her ligg vi litt høgare enn landet u/Oslo. Vi har tre skular som ligg spreidd, dette vil seia at vi brukar meir energi enn om vi hadde hatt ein samla skule.

Kommunekasse:

Netto driftsutgifter per innbyggjar for tilrettelegging og bistand for næringslivet: Dette området har kommunen prioritert langt høgare enn snittet av dei gruppene vi samanliknar oss med.

Kostnader til landbruksforvaltning: Talet har auka noko frå i fjor, og ligg over kostra-gruppa. Talet er ei forklaring på at kommunen er ei landbrukskommune, og at næringa blir prioritert, ma. med midlar over eigedomsskatten.

D Måltabell

Hovudmål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Delmål

Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråværet for kommunane for tilsvarende tenester.

Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.

Tekniske tenester: Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.feb. kvart år.

Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år.

Tekniske tenester: Vi skal halde alle fristane i plan- og bygningslova for byggesaker.

Tekniske tenester: Vi skal knytte abonnentar til kommunalt VA-leidning som ikkje er knytt til kommunalt anlegg.

Tekniske tenester: Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får vatn av tilfredsstillande kvalitet.

Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.

Tekniske tenester: Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året.

Tekniske tenester: Kommunen skal vedta sti og løypeplan.

Hovudmål

Delmål

Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre Klima+-prosjektet.

Tekniske tenester: Vi skal i samarbeid med andre etablere eit nasjonalt senter for fjellandbruket på Løken gard.

Tekniske tenester: Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen.

Tekniske tenester: Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringsseigedomar og bustadtomter for sal.

E Innsparingstiltak

Redusere bruk av eigedomsskatt/ asfaltering kommunale vegar

Vi har hatt som praksis å nytte mykje av eigedomsskatten til næringsformål, og i konsekvensjustert budsjett for 2022 er det lagt opp til gjennomsnittleg bruk på kr. 12 mill. Vi kan nytte mindre på asfaltering av kommunale vegar. Det er lagt inn kutt med 2.000` i 2022, 2023 og 1.000` i 2024 og 2025. Det inneber ei avsetjing eigedomsskatt til nærings- og utviklingsformål i planperioden på 10.000` i 2022 og 2023, 11.000` i 2024 og 2025.

Redusere frekvens reinhald

Det er mogleg å redusere nivået/frekvens på reinhald i enkelte kommunale bygg. Etter foreløpig vurdering gjeld dette Tingvang og ØSUS.

Redusere vedlikehald kommunale bygg

Vi kan redusere ramma for vedlikehald av kommunale bygg med 1.000` årleg i planperioden, utan at det får for store negative konsekvensar.

Redusert straumforbruk ved enøk-tiltak 2022-

Kommunen kan spare inn minst 15% på straumforbruket ved å gjera effektive enøk-tiltak på den kommunale bygningsmassen. Vi vil oppdatere vedlikehaldsplanen for kommunale bygg, der enøk-tiltak skal bli vurdert meir konkret og inngå som snarlege tiltak. Det er lagt inn straum-effektivisering (ut frå budsjettprisar 2022) med 300` i 2023, deretter 650` i årleg redusert straumkostnad.

G Driftsbudsjett

Fordeling per ansvarsområde

Fordeling på eining (tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Felles tekniske tenester	0	0	510	510	510	510
Teknisk drift	20 177	18 641	20 521	17 178	12 460	9 381
Næring plan og byggesak	15 562	12 190	10 019	10 907	10 785	11 368
Sum	35 739	30 831	31 050	28 595	23 755	21 259

Investeringar i økonomiplanen

Kommentar til investeringar i økonomiplanen

VA-investeringar

Kommunestyret vedtok kommunedelplan for vassmiljø – vassforsyning – avløp (VVA-planen) og handlingsplan for spreidd avløp den 15.2.2018 og revidert handlingsprogram VVA den 29.4.21, sak 38/21. Måla innan vassforsyning og avløp er følgjande:

- Vi skal levere nok og reint vatn på ein sikker måte til abonnentane.
- Vi skal ha tilstrekkeleg reinsekapasitet for avløpsvatnet, slik at utsleppet frå reinseanlegga alltid ligg innanfor utsleppsgrensene.
- Vi skal knytte nye abonnentar til kommunalt VA-leidning etter kvart som anlegget vert bygd ut.

Utbygging av VA-anlegg legg til rette for nærings-, bustad- og fritidsbustadutvikling. Næringsområde og nye bustadområde skal ha tilgjengeleg offentleg VA-anlegg, og alle hytte-områda med krav til felles VA-anlegg er definert med infrastrukturene i arealdelen av kommuneplanen. Drift og utvikling av VA-anlegga vert fullt ut finansiert over VA-gebyra. Kommunestyret vil i samband med den årlege revideringa av økonomiplanen ta stilling til investerings- og driftsnivået innan VA, med dei følgjende dette får for gebyrutviklinga. Kommunestyret kan difor i samband med økonomiplanhandsaminga vedta eit anna investeringsnivå enn denne planen legg opp til ut frå omsynet til gebyrutviklinga m.v.

Vassforsyning

Kommunen har overordna ansvar for vassforsyning innanfor kommunegrensene slik dette går fram av m.a. plan og bygningslova, kommunehelsetenestelova og regelverk for beredskapsarbeidet. Dette gjeld både drikkevatt, vatn for næringsmiddelproduksjon og sløkkevatn. Med målsettinga om å forsyne abonnentane med nok, reint og trygt vatn, må vi ha gode vasskjelder, gode vassbehandlingsanlegg med to barrierar, tilstrekkeleg utjamnings-/høgdebasseng og forsyning frå to kjelder i kvar ende av kommunen.

Det finst ingen redundans i kommunen si vassforsyning, dvs. oppstår det problem i eit av vassforsyningsområda, for eksempel kjemisk eller biologisk forureining eller røyrbrot i nettet kan dette område ikkje forsynast med vatn frå andre vasskjelder. Dette gjer vassforsyninga i kommunen sårbar. Ei sikker vassforsyning i heile kommunen vil krevje to uavhengige drikkevasskjelder, ei i sør (Mellsenn) og ei i nord (Olevatn). Fram til dette er etablert kan redundans for delar av kommunen sikrast gjennom eit samarbeid mellom kommunen og Vindin Vassverk. Redundans til Beitostølen vil krevje pumpeløysing frå om lag Lidar skule og oppover.

Høgdebasseng Nordtorp

Høgdebasseng skal byggast for å auke leveringstryggleiken på leidninga Lidar – Furustrand. Dette blir eit hovudknutepunkt for vassforsyning. Prosjektet er starta planlagt i 2021, og det er sett av 14,8 mill. til tiltaket i 2022.

Oppgradering av Ole Vassverk

Vi må utvida bassengkapasiteten ved Ole Vassverk. Vassforbruket i forsyningsområdet aukar med auka utbygging. Bassengkapasiteten må auke tilsvarande for å nå målet om å ha minimum eitt døgn forbruk lagra i basseng. Når vi etter kvart får leidningsnett i heile forsyningsområdet til vassverket og vi i tillegg blir reservevasskjelde for Vindin Vassverk, må vi ha løyve til å ta ut meir råvatn. Noverande konsesjonsramar er så vidt strenge fordi vi den gongen ikkje kunne dokumentere konsekvens ved uttaket. I dag har vi erfaring og dokumentasjon som bør gje høve til utvida uttak. Vassinntaket i Olevatn ligg ikkje på mest gunstig punkt. Inntaket bør flyttast om lag 480 m til eit djupare basseng. Noverande inntakspunkt har eit djup på 16 m, men sidan botn har mykje botnslam er inntakspunktet løfta til om lag 11 m for å unngå å suge inn slam i vassforsyningssystemet. Vi kjem då svært nær sprangsjiktet som gir meir sårbar vasskvalitet. Behandlingsanlegget gir ikkje absolutt tryggleik mot at råvatn kan passere behandlingsanlegget og koma ut på nettet utan reinsing. Det bør etablerast to hygieniske barrierar i behandlingsanlegget. Det er sett av 24 mill. til tiltaket i økonomiplanperioden.

Nytt vassverk Mellseinn – ny vasskjede, nytt behandlingsanlegg og leidningsnett

Inntakspunkt til Kollstad vassverk er direkte i elva Ygna, og dette er det kritiske punktet i høve til forsyningstryggleik. Elv som vasskjelde gir hygienisk ustabil vasskvalitet som ikkje tilfredstillar dei krav vi har til vasskjelder i dag. Utfordringane knytt til direkte inntak frå elv er forventa å auke i samband med klimaendringane. Hovudleidning mellom inntak og behandlingsanlegg er av dårleg kvalitet. Dei høge utbyggingskostnadane krev at vi med dette nye forsyningssystemet bør ha ambisjonar om levering til fleire enn dei 182 abonnentane Kollstad Vassverk har i dag.

Som overflatevasskjelde har Mellseinn svært gode data som råvasskjelde både m.o.t. hydrologi og vasskemiske/hygieniske målingar. Mellseinn vart godkjent av Mattilsynet som råvasskjelde for Kollstad vassverk 21.02.2011. Neste trinn i arbeidet med å etablere Mellseinn som ny råvasskjelde for Kollstad vassverk er søknad om konsesjon for vassuttak etter vassressurslova. Dette arbeidet er starta i 2021. Vi må avklare retten til å ta ut vatn frå Mellseinn.

Vi har som mål å kunna bygga ny hovudforsyning til Kollstad vassverk frå Mellseinn i 2023-2024. Det er sett av 1 mill. i planleggingsmidlar i 2022 og samla 39 mill. i 2023/24 for utbygging av anlegget.

Revidert handlingsprogram for avløp

Vi har dimensjonert leidningsnettet mellom Beitostølen og Nedrefoss RA til å kunne ta i mot avløpet frå nedslagsområdet til Beito RA. Vi kan om vi ynskjer det overføre alt avløp frå Beito RA til Nedrefoss RA etter at Nedrefoss RA er utbygd. Dette er eit langsiktig mål. Målet er å overføre så mykje av avløpet frå Beito RA til Nedrefoss RA slik at utviding av Beito RA blir unødvendig og seinare utfasing mogleg. Nedrefoss RA vert utvida til å kunne dekke heile den offentlege avløpskapasiteten til kommunen. Å arbeide mot eit avløpsreinseanlegg i kommunen er vurdert til å ha stor rasjonaliseringseffekt og gje oss eit robust reinseanlegg der dei store sesongvariasjonane i reiselivet vil gje oss færre driftsutfordringar.

I arbeidet med å utgreie mogleg nytt avløpsreinseanlegg ved Nedrefoss RA har vi desse delprosjekta:

- Reinsa avløpsvatn frå Nedrefoss RA vert i dag slept ut i Vala (Volbuelve) før utløpet til Volbufjorden. Ubunden av storleik på utbygging av Nedrefoss RA bør ein arbeide med å lenge utløpsleidninga til djupt vatn i Volbufjorden. Eit eige prosjekt vil utgreie dimensjon og trasé for ein

slik utløpsledning med vurdering av gunstig plassering av utsleppspunkt i innsjøen samt greie ut toleevna Volbufjorden har som resipient. Dette arbeidet er starta opp i 2021.

- Beito RA er i dag eit avløpsanlegg for «større tettstader» (> 2.000 Pe) etter forureiningsforskrifta § 14. Her er statsforvaltaren konsesjonsmyndigheit. Vi er i ferd med å slå saman reinsedistriktet til Beito RA og Nedrefoss RA og får eit reinsedistrikt med to reinseanlegg i koordinert drift. Det vil krevje avklaring med konsesjonsmyndigheita ev. ny konsesjon. Eit utvida reinseanlegg ved Nedrefoss RA vil krevje utvida arealbehov. Nedrefoss RA står i dag på ei festetomt. Ei forprosjektutgreiing bør avklare nytt arealbehov også inklusiv gjenbruk av eksisterande bygg og vurdering av gunstig falltilhøve på tomte for optimalisering av prosessdrifta i anlegget. Utarbeiding av reguleringsplan og erverv av nødvendig areal bør skje tidleg i prosessen. Vi må starte opp eit teknisk forprosjekt som avklarar dei tekniske alternativ vi har til utbygging av nytt avløpsreinsanlegg ved Nedrefoss RA. Det vert sett av 4,25 mill. til dette arbeidet i 2022 og 2023.
- Utbygging av nytt reinseanlegg vil tidlegast kunne ta til i 2024. Det er førebels sett av 30 mill. i 2024 og 30 mill. i 2025 for utbygginga.

Utbygging av VA-anlegg i grunnen

Med bakgrunn i hovudplanen og handlingsplanen skal det byggast ut VA-anlegg i grunnen som bind kommunen saman i eit felles nett for vassforsyning frå nord til sør og som bind avløpsanlegget saman til eit felles reinseanlegg ved Nedrefoss.

Mindre VA-anlegg, årleg løyving

Det vil alltid vera behov for utbygging av mindre strekkingar med VA-leidning i grunnen for tilknytning av husklynger eller einskildhus og til å ta opp leidningsnett som treng utskifting. Det vert årleg sett av 5 mill. til dette føremålet i økonomiplanperioden.

VA Storefoss – Nedrefoss RA

For å binde saman Beito RA og Nedrefoss RA må det byggjast ut anlegg på strekingar Storefoss – Nedrefoss. Føremålet er å kunna levera større avløpsmengder til Nedrefoss RA og sanera vekk Storefoss avløpspumpestasjon. Prosjektet vil også bidra til å kunne levere kommunalt vatn til området Skattebu/Rolandsgarden. Prosjektet er gjennomført i 2021 og blir fullført i 2022 med overførde midlar frå 2021.

VA Furustrand – Raudbrotmoen

Utbygginga av VA-leidning Furustrand – Raudbrotmoen inneber at siste delen av avløpsleidinga mellom Beitostølen og reinseanlegget på Nedrefoss vert bygd ut og at det også vil vera tilgjengeleg kommunalt vatn på denne strekinga. Utbygginga er naudsynt for å bygge ut Heranglie bustadfelt og legg til rette for å kople dei kommunale bygningane på Tingvang til kommunalt VA-nett. Prosjektet er starta opp i 2021, og det vert sett av 8 mill. i 2022 og 5,5 mill. i 2023 til utbygginga.

VVA Heranglie

For Heranglie bustadfelt er reguleringsplanen vedteken og grunnervervet gjennomført. Utbygging av VA-anlegget til og gjennom feltet må kombinerast med utbygging av vegar og sykkel- og gangvegar, og vil vera saman med prosjektet VA Furustrand – Raudbrotmoen – Storefoss ei omfattande utbygging. Prosjektet er starta opp i 2021, og vi har gjort eit grovt overslag over kostnadene ved utbygginga. Denne

viser ein samla kostnad på 19,2 mill. kroner, fordelt med 14,5 mill. på VA, 3,2 mill. på veg og 1,5 mill. på legging av kabalar for straum og fiber. Då har vi lagd til grunn at asfaltering av kommunal veg i bustadområdet ikkje vert gjennomført før utbygginga av bustadfeltet er ferdig, slik at kostnadene for dette er ikkje teke med i denne omgang. Endeleg kostnadsbilde får vi etter innhenting av tilbod på gjennomføring av arbeidet. Utbygginga vil etter planen bli gjennomført i 2022 og 2023. Kostnadene ved utbygginga vil bli dekkja gjennom sjølvkost og ved framtidig sal av tomter.

VA Bergojordet

Vi må auka kapasiteten på overvassleidninga frå Beitostølen sentrum over Bergojordet og leggje VA-leidning frå Beitostølsvegen til Finntøppvegen. Det er gjennomført store utbyggingsaktiviteter på Beitostølen sentrum dei siste åra. Det fører til auka mengd med avløpsvatn og overflatevatn. Store takflater og asfalterte uteområde gjev umiddelbar avrenning av nedbørsvatnet. I tillegg kjem smeltevatnet om våren. Prosjektet VA Bergojordet er nødvendig for å handtere den auka avløpsmengda og for å hindre flomskader i Beitostølen sentrum ved ekstremvær. Det er sett av 2 mill. til utbygginga i 2022.

VA-leidning Nordtorp- Hegge stavkyrkje

Kommunen har ansvaret for å sikre sløkkevatn til Hegge Stavkyrkje og vi har avklart med Riksantikvaren dimensjoneringa for dette. Samtidig vil vi legge avløpsleidning på strekninga. Etter kvart kan leidningen vidareførast til Heggebø, som vil vere eit innmatingspunkt for reservevatn til og frå Vindin Vassverk. Planlegging av utbygginga er starta opp i 2021 og det er sett av 5 mill. til gjennomføring av utbygginga i 2022.

VA Solhaugslie III

Området er ferdig regulert, og arbeidet med kjøp av grunn har starta opp. For å gjere bustadområdet klar for utbygging må vi planlegge og prosjektere anlegget for veg, vatn og avløp. Det er førebels sett av 3 mill. til utbygginga i 2022-2023.

VA Kolleberg.

VA Kolleberg legg til rette både for bustadbygging og for at fleire vert koplå på offentleg nett. Det eksisterande bostadsfeltet ved Kolleberg, Skøltevegen, Hagajordet kan enkelt koplåst til hovudleidningsnettet som tangerer området nedstraums. Kolleberg er tett utbygd, og vi når mange abonnentar i forhold til røyrlidningslengda. Det er mange gamle private avløpsanlegg i området, og eigarane ønskjer tilknytning til kommunalt vant og avløp. Der er også kommunale tomter på Kolleberg, som vert meir attraktive dersom offentleg VA-anlegg er tilgjengeleg i området. Det er førebels sett av 1 mill. i 2023 og 4 mill. i 2024 til utbygginga.

VA Bygdinvegen Skogaplassen-Mørstad

Langs hovudstammen for VA-anlegg frå Beitostølen til Nedrefoss er det ønskeleg å knytte til fleire husstandar på strekninga, slik at innbygarane får trygg vassforsyning og betre løysingar for handsaming av avløpsvatnet. Utbygging av VA-anlegg langs Bygdinvegen kan kombinerast med etablering av utbygging av gang- og sykkelveg eller turveg, for å betre trafikktryggleiken på strekninga. Det har kome ønske frå innbygarar på denne strekninga om å gjennomføre ei utbygging av VA-anlegg, i kombinasjon med etablering av tryggarar løysingar for gåande og syklande. Strekninga er på ca. 2500 meter. Det er førebels sett av 2 mill. i 2024 og 10 mill. i 2025 til utbygginga.

VA Mellsenn - Kveno

For ei sikker vassforsyning i kommunen er det viktig å etablere Mellsenn som andre drikkevassskjelde og binde dette saman med forsyningsområdet i midten og nord i kommunen. Sammen med inntaksleidningen frå Mellsenn vil det bli lagd ein avløpsleidning for å avkloakkisere hytteområda rundt Mellsenn i framtida. Det må avklarast kor vassbehandlingsanlegget og høgdebassenget skal plasserast. Det er førebels sett av 10 mill. i 2025 til utbygginga.

VA Nedrefoss - Rolandsgarden

Leidningen frå Rolandsgarden vert forlenga via Skattebu mot Nedrefoss reinseanlegget. Frå Rolandsgarden vil leidningen ha fall heilt til Nedrefoss. Elven Vinda må kryssast. Tilkoplingspunktet ved hovudleidningen frå Storefoss til Nedrefoss vert i år tilrettelagd for å ta imot avløpsvatnet frå heile området mellom Rogne og Moane. Det er førebels sett av 1 mill. i 2024 og 7 mill. i 2025 til utbygginga.

VA-utbygging i hytteområda

For nokre område er det i arealdelen av kommuneplanen og i kommunedelplanen for Gravfjellet lagd til rette for auka hytteutbygging. Dette gjeld m.a. for områda Luskeråsen, Gravfjellet og Javnlia. Bakgrunnen for auka utbygging av hytte i desse områda er m.a. å styrka Heggenes som kommunesenter. Auka utbygging av hytte i desse områda føreset utbygging av felles VA-anlegg slik at avløpet vert ført ut av området og til kommunalt reinseanlegg ved Nedrefoss.

VA Luskeråsen

Det er forventa stor utbyggingsaktivitet på Luskeråsen dei næraste åra, og det er aktuelt med eit samarbeidsprosjekt med utbyggar for å få etablert nytt VA-anlegg. Pga. av fare for forureining av borebrønner i fjell, er felles vassforsyning frå Røyre vurdert som mest aktuelle fellesløyving. Det er registrert 126 separate avløpsanlegg, hovudsakleg jordhauganlegg, og 96 borebrønner i fjell. Med bakgrunn i m.a. ofte marginale infiltrasjonstilhøve og ofte omfattande sprekksystem i berggrun med fare for forureining av drikkevatt er mange av avløpsanlegga i risikoanalyse vurdert til høg risiko. I tillegg er det mange eksisterande hytter som kan koplast til eit nytt anlegg. Leidningen ned frå Luskeråsen til det eksisterande tilkoplingspunktet på Robølshøvda passerer hytteområda Bjødnahølet og Rolistølen som også kan koplast til på sikt. Det er førebels sett av 26 mill. i økonomiplanperioden til denne utbygginga.

VA Javnlie

Registreringar på Auståsen i 2014 viste at i område med straum hadde 42 % av hyttene borebrønn, medan 14 % av hyttene hadde borebrønn i område utan straum. Javnlie hadde flest borebrønner, dvs. 60 % av hyttene hadde borebrønn. Etablering av felles avløpsløyvingar vil redusera faren for forureining slik at eksisterande borebrønner sannsynlegvis også i stor grad kan nyttast framover. I dag er det over 150 anlegg med dårlig kvalitet. Området har ikkje tilstrekkeleg infiltrasjonsevner, og samtidig eit stort utbyggingspotensiale. Etter synfaring med målet å finne lokale reinseløyvingar på Javnlie er etablering av kommunalt VA-anlegg med tilknytning til hovudanlegget einaste realistiske løysinga. Vatn kan tilførast frå eksisterande nett frå Olavatn og avløp vert leia nedover til det eksisterande nettet ved Robølshøvda. Samtidig vert det lagd vassleidning frå Javnlie til Robølshøvda slik at vi får etablert ein ringleidning i fjellet som betrar tryggleiken for vassforsyning for store delar av kommunen. Det er førebels sett av 30 mill. i økonomiplanperioden til denne utbygginga.

VA Gravfjellet

I hytteområda Sandbakkadn, Viflå, Murkhovd, Yddin og Gravfjellstølen er det mange grunneigarar som etterspør kommunalt vatn og avløp. VA-infrastrukturen må på plass før det kan opnast for større utbyggingar i området. Den eksisterande leidningen på Robølshøvda kan forlengast mot Gravfjellstølen. Det er førebels sett av 30 mill. i økonomiplanperioden til denne utbygginga.

Kommunale bygg og uteområde

Øystre Slidre Helsetun

Helsetunet vert ferdig utbygd i 2020, med innflytting i januar 2021. Uteområdet vert langt på veg ferdig i 2021. Det vert overført 1 mill. frå 2021 til 2022 til planting og ferdigstilling av uteområdet, skilting og driftsoptimalisering.

Uteområdet på ØSUS

Uteområdet på ØSUS har behov for ei oppgradering, både av allereie tilrettelagte område, men også å etablere nye aktivitetsarenaer for ungdommane. Det vil bli utarbeida en plan for uteområdet med ei kostnadsoversikt fram mot økonomiplanen 2023.

Friområdet Furustand, med gangveg frå Heggenes torg

